



Kontaktutvalet for Reinheimen,
Sekretariat

Statens naturoppsyn
Tungasletta 2
7485 Trondheim

Vår ref.	Dykkar ref.	Saksbehandlar	Dato
		Berit Fiksdahl, 61 24 41 16	26.nov. 2008

Bestillingsdialogen 2008 – Søknad om utsetting av innvilga tiltak og utbetaling av tilskotsmidlar for 2008.

Kontaktutvalet for Reinheimen ber om å få utsett tiltak frå bestillingsdialogen i 2008, prosjekt som av ulike årsaker ikkje vart gjennomført i 2008, jf. tabell2 s. 2 i brevet.

Dersom det blir høve til å utsetje tiltaka, ber vi om at midlar løyvd til SNO for gjennomføring av tiltak i Rauma, blir utbetalt til KUR v/Lesja kommune konto nr. 2081 19 00142.

Det er komme inn rapportar for følgjande gjennomførte og avslutta tiltak i Reinheimenområdet finansiert gjennom løyvingar frå bestillingsdialogen for 2008 (tabell 1):

Tiltak nr.	Tiltak	Komm.	Gjennomført av	Kostnad	Utbetalt tilskott	Innvilga tilskott	Merknad
1	Infoskilt Finndalen	Lom	Kommunen v/innleid hjelp	27 355	25 000	25 000	Økonomien for tiltak 1 og 2 er sett i samanheng
2	Infoskilt Skårvangen	Vågå	Kommunen v/innleid hjelp	13 667	20 000	20 000	Tiltak 1 og 2 manglar utgifter til trykking og oppsetting av plakatar
3	Kors gml kyrkjegard	Rauma	SNO	26 700	SNO	25 000	
4	Rydding av slåttemark i Bjørkevja og gml eng på Nordre Flatmark	Rauma	SNO	7594	SNO	10 000	
5	Kløvstigen forbi Stigfossen	Rauma	SNO	89 938	SNO	50 000	
6	"Vegen stopper her"	Rauma, Norddal	SNO	3 824	SNO	5 000	Innkjøpt skilt, men ikkje oppsett
7	Aursjoen info-tavler	Skjåk	Kommunen vha SNO	24 955		30 000	
8.	Billingen steintrapp	Skjåk	Kommunen vha SNO	17 500		20 000	
9.	Billingen utleggsbru	Skjåk	Kommunen vha SNO	20 000		20 000	
	Sum gjennomførte tiltak					205 000	

Besøks-/postadresse:
Lesja kommune
2665 Lesja

e-post: berit.fiksdahl@lesja.kommune.no
Telefon: 61 24 41 00

Ordninga med lokal forvaltning av Reinheimenområdet vart igangsett seint på året 2007. 2008 har vore det fyrste heile året med lokal forvaltning av desse verneområda. Ei viktig oppgåve i 2008 har vore å samordne aktiviteten mellom dei 6 kommunane som har forvaltningsansvaret. Arbeidsutvalet i KUR har rådd til å utsetje arbeidet med nokre av informasjonstiltaka til 2009 for å få meir tid til å samordne arbeidet både mellom og innan kommunane. Tanken er at dette vil gi betre kvalitet på resultatet.

For følgjande tiltak blir det søkt om utsetting for å gjennomføre tiltaka i 2009 (tabell 2):

Tiltak nr.	Komm.	Tiltak	Gjennomført av	Tilskott tildelt	Overføring av tilskott	Innvilga tilskott 2008	Merknad
1	Rauma	Produksjon og oppsetting av infoskilt fleire stader	SNO	SNO	Søker om utbetaling av tilskott til KUR v/Lesja kommune	100 000	Planlegginga tok lengre tid enn berekna + samordning med andre infotiltak
2	Lesja	Nysætre i Lordalen - Infopunkt m/parkering, rasteplass mm.	kommune - SNO	Forvaltningsmynde/ KUR	Overføre midlane til 2009	120 000	Nødvendig med samordning av tiltak
3	Lesja	Slådalsvegen - Infopunkt	Kommune - SNO	Forvaltningsmynde/ KUR	Overføre midlane til 2009	40 000	Nødvendig med samordning av tiltak
4	Norddal	Slettvikane - Div. til rettleiingstiltak	Kommune - SNO	Forvaltningsmynde/ KUR	Overføre midlane til 2009	50 000	Tiltaket utsett til det er mogleg å gjennomføre heile tiltaket samla
		Sum ikkje gjennomførte tiltak				310 000	

Kontaktutvalet for Reinheimen ber om å få utsett gjennomføringsfrist for tiltaka nemnt ovanfor slik at midlane som er løyvd, kan bli nytta til å gjennomføre prosjekta i 2009. For nokre tiltak, td. prosjektet i Slettvikane i Norddal kommune, vil det gjennom bestillingsdialogen for 2009 bli søkt om utviding av den økonomiske ramma for å gjennomføre eit meir omfattande prosjekt samla.

Midlane til infotiltak i Rauma med 100 000 kr er bevilga til SNO, men SNO kan som ein statleg etat ikkje overføre midlar mellom kalenderår. Dersom det blir gjeve løyve til å utsetje tiltaket til 2009, ber KUR om at tilskottet blir utbetalt til Kontaktutvalet for Reinheimen v/Lesja kommune konto nr. 2081 19 00142 slik at midlane blir disponert for å gjennomføre tiltaket i 2009.

Med venleg helsing

Berit Fiksdahl
nasjonalparkforvaltar

Besøks-/postadresse:
Lesja kommune
2665 Lesja

e-post: berit.fiksdahl@lesja.kommune.no
Telefon: 61 24 41 00